

Saksbehandlar: Ole Gunnar Krakhellen, Oppvekst
Sak nr.: 21/1568-1

Oversyn over investeringsbehov innan skulesektoren og strategiske vegval for Sogndal sentrum

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogndal formannskap sluttar seg til at det vert gjort ei samla vurdering av investeringsbehov innan skulesektoren, med særleg vekt på å gjere strategiske vegval for Sogndal sentrum.
2. Sogndal formannskap gjev følgjande mandat for arbeidet:

Gjennom utgreiinga skal Sogndal kommune;

A) For heile Sogndalsskulen:

1. Kvalitetssikre prognosar for elevtalsutvikling 2021 – 2036
2. Analysere behov for skulekapasitet i høve elevtalsutviklinga
3. Sikre ein heilskapleg gjennomgang av skulane i kommunen for å vurdere kapasitetsutnytting og behov (nosituasjonsanalyse)
4. Tilstandsvurdering av skulane (lovkrav, funksjonskrav, innemiljø, uteområde og arbeidsforhold for dei tilsette)
5. Leggje til rette for skulebygg som ivaretek samspelet mellom pedagogiske målsetjingar og bygningsmessig utforming

B) Særleg knytt til Sogndal sentrum skal det utgreiast og gjevast tilråding om:

1. Modell for utbygging av skulekapasitet i Sogndal sentrum
2. Lokalisering av utbygging
3. Stipulert kostnadsramme for utbygging
4. Utgreiinga skal ha med seg innspela som kom inn i avhelde innspelsmøte

C) Barnehagebruksplanen skal føreliggje til politisk handsaming seinast i kommunestyremøte juni 2021. Komité for levekår er politisk styringsgruppe for planen, og har denne som tema på sine møter vårhalvåret 2021.

D) Rådmannen set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som jobbar saman med ekstern konsulent.

E) Sogndal kommune er oppteken av medverknad frå brukarar, og komité for levekår vil saman med administrasjonen; kartlegge intressentar, fastsetje informasjonsaktivitetar og identifisere behovet for medverknadsaktivitetar inkl. møte og organisering av desse.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Rådmannen ynskjer å sikre eit godt avgjerslegrunnlag for framtidige prioriteringar og investeringar i Sogndalsskulen, og tilrår difor at ein prosess med analyse av nosituasjonen og grunnlag for prioriteringar for framtida vert sett i gang. Det vil bli leigd inn ekstern konsulent i arbeidet, innanfor vedtekne budsjetttrammer.

2. Vurderingar og konsekvensar

Hausten 2020 tilrådde rådmannen at det skal utarbeidast ein skulebruksplan for Sogndal kommune. Det vart då tilrådd at dette skulle ta sikte på å spare 6 mill.kr. årleg. I dette låg det som ein konsekvens at dagens struktur måtte vurderast. Finansutvalet tok vekk målsetjinga om innsparing, og slutta seg elles til at det kunne utarbeidast ein skulebruksplan.

Rådmannen vurderte at det ikkje ville vere rett å prioritere kapasitet til denne typen prosessar, samstundes som det er store udekkta innsparingskrav. Rådmannen har no gått gjennom alle investeringsprosjekt og særleg vurdert dei ulike forprosjekta. Rådmannen har kome til at forprosjektet for skuleutbygging i Sogndal sentrum vil måtte ha ein eigen prosess for å sjå nærare på dei ulike moglegheitene for utbygging. Samstundes er det elevtalsvekst ved Kaupanger skule, og store investeringsbehov ved ei rekke skular, mellom anna Leikanger ungdomsskule.

Den vedtekne barnehagebruksplanen er starta opp, og den førebelse erfaringa er at det er svært positivt med eit eksternt blick som bidreg til å sjå behova framover. Rådmannen tilrår difor no at det vert sett i gang ein liknande prosess for skulesektoren. Intensjonen med dette er å få kunnskap og oversikt over status, for å få bere vurderingsmoglegheiter for prioriteringane som Sogndal kommunestyre må gjere i framtida.

I budsjett 2021 er det sett av 0,5 mill.kr i investeringsbudsjettet for å køyre ein prosess for Sogndal sentrum. Desse investeringsmidlane kan ikkje nyttast til å utarbeide ein statusoversikt for Sogndalsskulen, det er ei driftsoppgåve. Rådmannen tilrå at kostnaden knytt til utgreiing tilrådd i saka vert dekkta av oppvekstsektoren sitt driftsbudsjett. Det vert difor ikkje lagt opp til politisk vedteken budsjettendring, men snarare ei forankring av at denne prosessen vert sett i gang.

3. Konklusjon

Rådmannen meiner, som presentert i saka, at det er behov for å eit betre kunnskapsgrunnlag for framtidige val og prioriteringar av investeringar i Sogndalsskulen. Formannskapet vert difor råda til å slutte seg til ein prosess, og gje eit mandat for denne prosessen.